



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 2 - DESEMBER 2024

29. ÅRGANG

Julekrubba i Vike kyrkje



Foto: Nils-Berge Sundfør

Gledeleg júl!

FOLKEFRELSAR TIL OSS KOM

Juleandakt av seniorprest Erling Nevland, tidligere prost i Indre Romsdal

FOLKEFRELSAR TIL OSS KOM

Julegrantenning, adventssamling, konserter, gudstjenester og juletreffester – det er programposter for mange i desember. Det er vel ingen annen tid på året vi har så mange fellessamlinger med store og små. Vi synger, vi hører, vi ser, vi leser, vi gleder oss – over folkefrelseren som kom til oss.

1. Folkefrelsar, til oss kom, fødd av møy i armødsdom!
Heile verdi undrast på kvi du såleis koma må.

Dette er det første verset i den første salmen i kapitlet «Advent» i salmeboka vår. Det er også en av de eldste salmene vi har, men innholdet er fortsatt aktuelt. Det er nok mange som undrer seg over denne folkefrelseren, at han fortsatt skal bety så mye. Det merkelige er at folk begynte å snakke om Jesus flere hundre år før han ble født, og vi snakker om ham den dag i dag, to tusen år etter han ble født.

HAN SOM SKAL KOMME

Profetene i Det gamle testamente forteller om en som skulle komme.

*Derfor skal Herren selv gi dere et tegn:
Se, en jomfru skal bli med barn;
hun skal føde en sønn, og du skal gi ham
navnet Immanuel.*

Jes 7:14

*For et barn er oss født, en sønn er oss gitt.
Herreveldet er lagt på hans skulder, og hans
navn skal være: Underfull Rådgiver, Veldig Gud,
Evig Far og Fredsfyrste.*

Jes 9:6

HAN SOM KOM

Det profeten Jesaja fortalte om gikk i oppfyllelse:

*Alt dette skjedde for at det ordet skulle oppfylles
som Herren har talt gjennom profeten.*
Matt 1:22

Jesus ble født; jomfru Maria fødte en sønn i Betlehem:

2. Herrens under her me ser, ved Guds Ande dette skjer.
Livsens ord frå himmerik vert i kjøtt og blod oss lik.
3. Utan synd han boren er som all synd for verdi ber.
Han er både Gud og mann, alle folk han frelsa kan.



Foto: Tormod Lien

HAN SOM KOMMER IGJEN

Jula minner oss om Jesu fødsel, hans første komme. Bibeltekstene i adventstiden minner oss om at vi også skal forberede oss på at Jesus skal komme igjen – for andre gang.

Bibelen forteller en frelseshistorie om hvordan du og jeg kan bli frelst:

*Dette er skrevet ned for at dere skal tro at Jesus er
Messias, Guds Sønn, og for at dere ved troen skal ha
evig liv i hans navn.*

Joh 20:31

Dette skriver Johannes i avslutningen av sitt evangelium. Det du trenger for å bli frelst står i Bibelen. Mange synes det blir for mange ord og for lite liv, men Ordet kan skape liv. Ta imot adventshilsenen fra Gud med glede og forventning:

*Jeg kommer til dere med bud om en stor glede,
en glede for hele folket: I dag er det født dere en
Frelser i Davids by; han er Kristus, Herren!*
Luk 2:10-11

Ha en fin adventstid og en velsignet julehøytid!

STOR GIVARGLEDE OG POSITIVITET I TRESFJORD

Tekst og foto: Magnhild Bjermeland

Folk i Tresfjord er glad i kyrkja si, og i kyrkjestova. På vårdagnaden i år stilte 17 personar, der vi tørka støv, rydda på sakristiet, og alterduken vart vaska. Alle sitteputene vart lufta og banka av driftige jenter. Benkane og golvet inne i kyrkja fekk lett vask og støvsuging. Her skulle alt være på stell til den nye teppeløparen skulle på plass.

Utomhus vart alle skeive gravminne retta opp, busker vart beskorne, og mosegrodde hellegangar vart funne att rundt heile kyrkja. Dei fire portalane inn mot kyrkja fekk grundig behandling og til slutt måla. No framstår dei innbydande, fine og kvite.



Fine gevinstar og dyktige loddselgarar til inntekt for kyrkjestova på årets Syltemartnad.

Teppeløparen kom på plass i god tid før konfirmasjonen, med god hjelp frå fleire ivrige hjelparar. Soknerådet starta innsamlingsaksjon, og heile 52200 kr kom inn på soknerådets konto som gåver. I tillegg kjøpte vi nye matter til inngangspartiet i våpenhuset. Gåver kom frå både privatpersonar, lag og organisasjonar – stor takk til dykk alle.

Tresfjord Røde Kors arrangerer kvart år Syltemartna'n siste helga i august. Soknerådet har i mange år fått hatt utlodning på dette arrangementet, til inntekt for kyrkjestova i Tresfjord. I år hadde vi godt førehandssalg av lodd på bøkene. Gevinstar på bøkene fekk vi med ulike butikkar og privatpersonar. Mange fine gevinstar.

Inne på området på hestesenteret fortsette vi loddsalet martna-helga, både tombola og på bøkene. Soknerådet sit

Ny golvløper i kyrkja.



Flittige arbeidsfolk.

igjen med ein netto til kyrkjestova på over kr 52.000,-. Vi er glade og takknemlege for at vi har betalt ned siste avdrag på kyrkjestova, så no er kyrkjestova vår gjeldfri! Vi skal arbeide vidare for å kunne opparbeide ein god buffer på konto, til vedlikehald og driftsutgifter.

Vi vil oppfordre folk i bygda til å leige kyrkjestova til ulike arrangement. Det er viktig at huset vert brukt. I år har vi ein sær dyktig slåttekar, og vi er glad han også vil stå for slått og stell på kyrkjegarden neste vår/sommar. Vi i soknerådet har allereie begynt å planlegge så smått det store kyrkjejubileumet i 2028. Då vert Tresfjord kyrkja 200 år, og det må feirast. Kom gjerne med innspel og forslag!



Tarjei Løvik innsatt som sokneprest

Av Tormod Lien

- Jeg opplever prestetjenesten som spesiell på den måten at mye av jobbhverdagen utspiller seg i møte med andre menneskers "korsveier" i livet. Det kan for eksempel ofte handle om dåp, bryllup, og begravelse. Dette gjør tjenesten både givende og utfordrende på en og samme tid. Det er et privilegium å kunne formidle et frigjørende evangelisk budskap under alle livets forhold, både i glede og sorg, i medgang og motgang, forteller Tarjei Løvik, nytilsatt sokneprest i Vestnes.

Første søndagen i oktober fyltes Tresfjord kirke til randa, da Tarjei Løvik ble innsatt som ny sokneprest i Tresfjord, Vike og Vågstranda. Leder i Tresfjord menighetsråd, Magnhild Bjermeland leste innsettingsbrevet fra biskop Ingeborg Midttømme. Prost Lars Skagestad, sokneprest John Sylte og klokker Britt Eli Knudsen med flere deltok aktivt i gudstjenesten. Innsettinga ble avslutta med kirkecaffe og hilsener.



Her mottar Løvik en blomsterhilsen fra leder i Fellesrådet, Thor Ringsby

feltprest på Skjold og i Bodø i to år til sammen. Videre som vikarprest i Melhus prestegjeld, skoleungdomsprest i Laget og ulike roller/ stillinger i Misjonssambandet. Innimellom har han også vært bussjåfør. Siste 4 åra har han vært sokneprest i Melhus med særskilt ansvar for Hølanda sokn.

Ny tilværelse

- Det er både spennende og litt skummelt å forlate Melhus og Trøndelag. Jeg har bodd i Melhus over 20 år, og forlater et nettverk av folk jeg har satt pris på å bli kjent med. Det har også vært et godt sted å være prest de siste fire årene. Så jeg anbefaler gjerne en prestetjeneste der. Trøndelag har gitt meg mye på andre områder også, blant annet fant jeg min kone i Trondheim. Vi giftet oss i 2005 og har tre barn sammen, som alle har fått sin oppvekst i Melhus, forteller vår nye sokneprest.

Nå venter en ny tilværelse som sokneprest i Tresfjord, Vike og Vågstranda. Familien vil bosette seg i Tresfjord, der de ofte har feriert. Familien takker for god velkomst, og presten håper å kunne bidra positivt i menighetsarbeidet, og ser fram til samarbeid og møtepunkter i tiden som ligger foran.

- Jeg opplever at det kristne håp som Jesus har gitt oss, er viktig å formidle i en tid der mange mister håp og framtidstro. Vi får krigens grusomheter servert som daglig «underholdning» og vet knapt hvordan vi skal forholde oss til det. Det tynger og skaper usikkerhet. Da synes jeg



En blid prestefamilie. Hanna og Tarjei Løvik med sønnene Thomas (16), Markus (18). Miriam (12) var ikke til stede.

Utdannet prest i 1996

- Dette har vært godt å oppleve. Jeg håper å kunne bidra positivt i menighetsarbeidet, og ser fram til samarbeid og møtepunkter i tiden som ligger foran, forteller 54-årige Tarjei Løvik. Han har sterke røtter i Tresfjord, med Nils og Birgit Løvik som foreldre. Tarjei er ikke oppvokst i bygda, men døpt i Tresfjord kirke 26. juli 1970. Han har to søsken og kommer fra Ytre Enebakk. Tarjei er gift med Hanna og har barna Markus, Thomas og Miriam.

Tarjei ble utdannet til prest ved Menighetsfakultet i Oslo, og ble ferdig høsten 1996. Han har hatt tjeneste som

*Nattverd under innsettingsgudstjenesten i Tresfjord kirke
6. oktober 2024. Prost Lars Skagestad og sokneprest Tarjei Løvik.*

det er godt å kunne vende oppmerksomheten mot Gud. Han er den skjulte faktor i tilværelsen som henvender seg til vår åndelige side. Bibelen uttrykker det slik: Det er i Gud vi lever, beveger oss og er til. Vi er ikke overlatt til oss selv. Vi har en Gud som ser oss og vil nå oss med sin frelse, sier sokneprest Tarjei Løvik, som sammen med kona Hanna og barna er klar for en ny tilværelse i Vestnes kommune.



NYPRESTEN MØTER FOLKET

Tekst og bilete: Tormod Lien

Sokneprest i Tresfjord, Vike og Vågstranda, Tarjei Løvik hadde sin første hausttakkefest i Vågstranda kyrkje 20. oktober. Han fekk god kontakt med både liten og stor. 50 personar tok imot den blide presten. Utdeling av bok til 4-åringar og 1. klasse. God stemning også under kyrkjekaffien.



KYRKJEBLADET FOR VESTNES

REDAKSJONSKOMITÉ:
Asbjørn Gisnås, Nils-Berge Sundfør,
Ivar Magne Bergheim,
Tormod Lien og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret
Myra 3
6390 Vestnes

**Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag
til stoff eller noko dei vil ha med i
Kyrkjebladet, til å ta kontakt med
redaksjonen.**

**Vi er avhengige av
gåver til drift og
distribusjon av
Kyrkjebladet.**

*

Kontonummer 4056.20.62124

*

Kyrkjebladet har Vipps.
Vippsnummer: 511986

*

Det er mogleg å bestille bladet
for dei som bur utanfor kommunen.

Min julesong

Tormod Lien i samtale med Lone Orvik

Lone Orvik frå Vestnes er 15 år gammal, og har mange julesongar ho er glad i. Det er ikkje berre songane, men ho likar alt som har med jula å gjere. Så likar ho å synge, og er aktiv i handball. Lone går på Helland ungdomsskule og er opptatt av å vere saman med venar. Ho har to jentesøsken, 18 og 20 år. Lone er ei av leiarane i KRIK, Kristen idrettskontakt. Som sin julesong valde Lone "Himmel på jord" av Kurt Nilsen, fordi det er ein fin song med ei sterk og god tekst.



"Himmel på jord"

Eg snublet omkring i svarteste natten
Da tente du stjernen med lys ifra deg
Eg følte meg ensom og tom og forlatt
Da du viste du tenkte på meg

Eg hutret og frøs da du gav meg din varme
Du så vel at jorda var naken og kald
Du lengtet til meg, og du sendte meg barnet
Og viste meg vei til en stall
Himmel på jord, en nåde så stor
Eg e'kje alene her eg bor

Eg sloss og jeg led, gjorde alt for å vinne
Da hørte eg englene synge om fred
Legg våpnene ned, det er jul du må finne
En fred inni hjertet et sted

Hver gang eg ser opp på min himmel så vet eg
At undrenes under er det som har hendt
Eg føler meg trygg for jeg slipper å leite
Nå vet eg hvor stjernen ble tent
Himmel på jord, en nåde så stor
Eg e'kje alene her eg bor

KRIK-styret på weekend

Tekst og bilete: Ivar Magne Bergheim

Helga 14. og 15. september var det tid for KRIK-helg. Dette er ei årleg samling om hausten der det nye styret tek ei utflukt innan kommunen for å bli samansveisa sosialt, og for å planlegge aktivitetane for hausten.



Frå venstre:

Jan Luigi Aya-Ay Stokkeland, Ellen Edvardsen (vaksenleiar), Martinus Tomren Slemmen, Thomine Aas-Strømsnes, Alexander Tomren Bjørhovde, Storm André Klokk Sæterøy, Soffia Gunnarsdottir, Ana Nguyen Le, Lone Orvik, Trond Strandman (vaksenleiar)

I år er det eitt nytt styremedlem. Styret vekslar på å ha denne samlinga mellom dei ulike bygdelaga i Vestnes, og denne gongen var turen komen til Fiksdal og Fiksdal Kyrkjelydshus. Alt tyda på god stemning og forventningar om ei triveleg helg. Det gjekk ikkje lenge før både meny og sengeplassar var bestemt, og ei god planleggingsøkt var snart i gang. Det kom eit samstemt «ja» etter spørsmål om dei synest dette er eit godt tiltak.

KRIK har samlingar i Vestneshallen kvar fredag fram til haustferien, og annankvar fredag etter det og fram til jul. Dei har også ein tur i oktober. KRIK, Kristen idrettskontakt, vart starta opp sentralt i 1981, i Vestnes i 2001 av Ellen Edvardsen då ho kom hit som diakon. Frå 2002 har Asle Klock og Trond Strandman også vore med som leiarar. Framleis er tiltaket populært blant dei unge, med dei ulike aktivitetane og samlingane dei har. Det viser at det er eit behov for ein arena der ungdommen kan komme saman til eit sosialt fellesskap på kristent grunnlag.

Aktivitetar med evangeliet i praksis

Tekst og foto: Tormod Lien

Vår eigen kyrkjelege diakon, Ellen Edvardsen, saman med sokneråda og ungdommeleg hjelp frå KRIK, stod for ein vellykka dag med mange aktivitetar. Innbydinga frå diakonutvala i Vestnes, førte til ei positiv samling med over 70 foreldre og barn siste laurdagen i august på Vike Friluftsbad.

Med nydelege omgjevnadar og fint ver, var det god stemning blant alle som deltok. I tillegg til gratis mat, sponsa av alle fire butikkane på Helland, stod det balleikar, strandaktivitetar og ei spennande aktivitetssløype på programmet. Diakon Ellen Edvardsen, som har sin base på kyrjekontoret, var fullt opptatt med å dele ut premiar til alle.

Evangeliet i handling

Alle sokneråd skal ha eit diakoniutval. Noko av oppgåvene er å sjå til at folk som av ulike årsaker ikkje kan delta i fellesskapet, blir ivaretatt og ikkje gløymt. Besøk og omsorg ved sjukdom og sorg, samt praktisk hjelp, ligg også under soknerådets oppgåver.

fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd, forklarar kommunens einaste diakon, Ellen Edvardsen.

Kristen idrettskontakt

Stemninga er god i strandsona ved Tresfjordbrua denne laurdagen. Mange land er representert med familiar blant anna frå Syria, Kongo og Afghanistan. Ei bestemor som var på staden, syns det var synd ikkje fleire etnisk norske småbarnsforeldre hadde møtt fram. Fleire av dei som kom frå andre land, hadde vanskelege historier i bagasjen, men opplevde trivsel med ny sjanse i Vestnes. Slik situasjonen er i dag, er sjansane små for å dra tilbake til heimlandet, fortalte ein familiefar frå Afghanistan og ei åleinemor frå Kongo.



Åleinemor til fem.



Fire frå KRIK, kristen idrettskontakt.

Barna fann lett tonen med kvarandre i leik og moro. Ellen sprang rundt med premiar som sjokolade og anna. I tillegg til representantar frå diakonutvala, deltok fleire frivillige ungdommar frå KRIK, Kristen Idrettskontakt.

Diakon Ellen Edvardsen er leiar for KRIK Vestnes, som har omlag 50 medlemmar. Dei møtast til samling kvar fredag i Vestneshallen til ulike aktivitetar. Ungdommane, som er frå 8. klasse og oppover, får også med seg to helgeturar i året ved å vere medlem av KRIK.



Sekkeløp og løp med skje og potet var to av fleire aktivitetar.

- Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er alt frå den kvardagslege omsorga for naboene til internasjonalt engasjement for klimarettferd og nedkjemping av fattigdom. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande



Over 70 deltakarar på Vike Friluftsbad.

Formiddagstreff og kåseri om Alf Prøysen på Vestheim ungdomssenter

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør



Annbjørg og Kåre Sævareid saman med Steinar Tosterud.

Formiddagstreff på Vestnes starta opp for mange år sidan i samband med møteveker som var på Vestnes Bedehus. Etter kvart vart det færre møteveker og formiddagstreff, så dei 20 siste åra har Annbjørg og Kåre Sævareid halde fram med dette populære tiltaket, der Vestnes Indremisjon står bak. Bedehuset var framleis møteplassen, men då bedehuset fekk vass-skader for nokre år sidan og vart selt, vart formiddagstreffa flytta til Vestheim ungdomssenter.

Omtrent kvar tredje torsdag i haust og vårsemesteret samlast om lag tretti i aldesgruppa 60+ til fellesskap med song, info frå misjonen, andakt, god mat og gratis lodd og høve til å gje ei gåve til arbeidet.

Så også denne gongen no i september då Kyrkjebladet var innom. Då hadde formiddagstreffet fått besøk av Steinar Tosterud. Han er no pensjonist, har vore både kateket, prest og reiseleiar. Steinar er frå Minnesund, bur no på Bjørkelangen og har gjort seg godt kjent med dikteren, forteljaren og songaren Alf Prøysen. I år er det 110 år sidan Alf Prøysen vart fødd, og Steinar fortalde på klingande Prøysen-dialekt om Alf Prøysen sitt liv og diktning.

Steinar fortalde at Alf Prøysen hadde kristentrua med seg og bevarte den heile livet. Det få av oss også veit, er at Alf har skrive ein påskesalme han har kalla «Røde Geranier»:

*«Røde geranier! Gi meg din glødende livsgnist på ungdommens rastløse vei.
Lær meg å minnes et kors og en blødende skikkelse opphengt til frelse for meg»*

Alf Prøysen lærte mykje av mor Julie, han løfta opp dei fattige og dei undertrykte i diktninga si. Det er fortalt at songen: «Du skal få ein dag i måra som rein og ubrukt står, med blanke ark og farjestifter tel», vart skriven etter at Alf hadde vore på sjukeheimen hos mor Julie. Der fekk mor Julie høyre evangeliet om nåde og tilgiving og nytt liv med blanke ark og fargestifter til.

Steinar hadde trekkspillet med, og me fekk gleda av å høyra og vera med på fleire av Alf Prøysen sine songar denne formiddagen.



Ei lydhør forsamling fylgde godt med i forteljinga om Alf Prøysen.

Så vart det ei god matøkt, andakt og utlodning. Ein stor takk til Annbjørg og Kåre Sævareid som held fram med gode formiddagstreff på Vestheim.

Regionstemne på Vestheim

Tekst og foto: Ivar Magne Bergheim

Laurdag 24. august var Det Norske Misjonsselskap samla til regionstemne på Vestheim. Vestnes ligg sentralt geografisk for å ha slike samlingar, og her møttest folk frå heile fylket. Utanom det formelle med val av ny regionstyreleiar, var det både bibeltime, misjonsfest og deltaking på misjons-gudsteneste i Vestnes kyrkje søndag. Det var 72 påmeldte til middagen, og på misjonsfesten deltok over 90.

Etter registrering og velkomstkaffi, heldt Haakon Kessel, leiar i NMS Global, bibeltime med temaet «Forventning – viktig i våre liv, i vår tru, sentralt i Bibelen, i misjons-arbeidet.» Her delte han mange forventningar som kristen tru gir oss menneske. Etter middagen var det val av ny regionstyreleiar. Olav Gading vart vald, og Arne Drøpping vart takka av etter 6 år som leiar. Vidare vart ny medarbeidar i barne- og ungdomsarbeidet, NMSU, presentert. Miriam Mulelid startar opp i dette viktige arbeidet i regionen. NMS har samarbeid med m.a. Estland, og Asbjørg Oksavik Sve formidla inntrykk derifrå, som inspirerte til vidare engasjement.

Etter misjonskaffien var det duka for misjonsfest, kanskje høgdepunktet for helga. Tema var «Silkevegen før og no. Møte mellom vest og aust». Her formidla Haakon Kessel både generelt og spesielt om møtet med evangeliet i Japan. Spesielt var det å høyre Paul Deoyo frå Kamerun fortelje om sitt liv og sitt møte med evangeliet. Her fortalte han



Frå venstre: Astrid Silnes, Paul Deoyo, Haakon Kessel, Arne Drøpping, Olav Gading

om seg sjølv frå då han som liten gut blei med sin spedalsk-sjuka far til spedalsksjukehuset som NMS dreiv, og til no å ha teke doktorgrad i teologi og vere medforfattar av lærebok i teologi. Tidlegare Kamerun-misjonær Astrid Silnes frå Eide var med som tolk. Mannskoret «Kor Herrleg» var med og bidrog med fin song under festen.

Det var god stemning og ei fin ramme rundt stemnet. Mykje misjonsinformasjon var lagt ut, og «Bergfruas lapper» var representert med salsbod av mange nyttige, heimelaga varer, der inntekta går uavkorta til NMS. Ny forventning og inspirasjon i misjonsarbeidet kan vere ei oppsummering av samlinga. Søndag var det misjons-gudsteneste i Vestnes kyrkje der Haakon Kessel var prest, og som det naturleg nok var eit sterkt misjonspreg på.

Trubadurar med sterke songtekster i kyrkja

Tekst og foto: Tormod Lien

To lokale kjendisar innan song og musikk, Bernt Fylling og John Arne Høgseth, er på turné rundt omkring i distriktet vårt. Andre søndag i september heldt dei konsert i Vågstranda kyrkje, der 60 vaksne personar frå ulike bygder hadde møtt fram. Før Vågstranda har dei besøkt Fiksdal og Tresfjord, og fleire plassar står for tur.

Bernt og John fortel om songutvalet deira både innan country, gospel, litt jazz og blues, som handlar om eit levd liv.

Spennvidda er med andre ord stor. Dei vil at alle skal få noko ut av konsertane

deira. Ingen inngangspengar, berre ein frivillig kollekt. - Repertoaret er mest country, men også gospel og litt Jesus. Tekstane, som er til ettertanke, handlar om sorg og død, men også håp om eit betre liv. Mange av våre tidlegare store artistar, som hadde mykje motgang i livet, søkte trua på Gud. Vårt konsept handlar om det å leve i medgang og motgang, men også om eit liv i håp, seier duoen frå Vestnes. Dei to gitarkameratane med stor formidlingsemne, likar å synge og spele i kyrkja, der dei opplever god kjemi med eit lyttande publikum.

Tidlegare har dei samla fullt hus i Kyrkjelydshuset i Fiksdal og Kyrkjestova i Tresfjord. Suksess blir skapt med å vere i lag. Etter Vågstranda har Aukra, Ellingsøya, Tomrefjord og Måndalen hatt besøk av gitarduoen Bernt og John. Ein kveld med desse to er verd besøket.

Hausten starta med freske tonar og sterke tekster i Vågstranda kyrkje.



Ei sorg som varer livet ut

Tekst og foto: Tormod Lien

Jan Kristian Liabø frå Fiksdal fyller 70 år i desse dagar. Han har hatt sitt arbeid i helsesektoren, dei siste åra i heimetenesta. Jan blir opplevd som ein humorist og har alltid ei god historie på lur. Men det er ei anna side som pregar livet til Jan. Han har mista fire personar som har stått han nær, veldig nær.

Jan mista brått mor si som 13-åring. Mora Mary vart berre 51 år gammal, då ho fekk hjernehinnebetennelse og døde. - Å miste mamma var som heile verda raste saman, fortel Jan.

Foreldrelaus som 18-åring og mista sin einaste bror
Som 53-åring fekk faren Petter sitt tredje hjarteinfarkt. Han vart kjørt i all hast til sjukehuset i ambulanse, men livet var ikkje til å redde. Jan er berre 18 år gammal og har mista både mor og far.

- Det var brutalt og ei voldsom påkjenning. Eit stort sjokk å vere utan foreldre, hugsar Jan.

I sorga av å vere foreldrelaus, anar han ikkje kva han har i vente. Stemor Margit blir ein viktig person og støtte i livet til Jan og litlebror Rune. Familie, venar og naboar stiller opp.

Fire år etter dødsfallet til faren er Rune blitt 16 år og Jan 21 år. Rune jobbar i nabobygda hos Vard Langstein, og er kjempestolt over å ha tatt mopedlappen.

På veg heim ein kveld etter å ha vore på besøk hos ein kompis, mista Rune styringa på mopeden og køyrer ut i ei elv. Han får så mykje skader at livet ikkje er mogleg å redde.

Jan får sin eigen familie og tre barn

- Etter at også Rune blei borte, opplevde eg at verda var urettferdig, brutal og heilt uverkeleg, fortel Jan.

Etter det tredje nære dødsfallet, får Jan sin eigen familie og får etter kvart tre barn. Marion som eldst, så Silvia og Christian. Silvia er som sine foreldre, snill og omsorgsfull med masse humor. Men i tenåra kjem Silvia inn i eit krevjande rusmiljø, og forandrar seg mykje. Ho blir avhengig av rusmidlar, og det blir mange tøffe år med håp og fortvilning. Jan og familien har likevel tru på at Silvia skal bli rusfri.

Så går det rette vegen. Silvia er på veg ut av rusen. Ho har vore til rusbehandling i eit år, og fått seg jobb på fiskebåt. 18-åringen var klar for å reise ut, og gledde seg masse. Men dagen før, 9. august 2003 endra alt seg, etter at Silvia har vore på ein fest i Brattvåg.

Silvia (18) brutalt drept i bilulykke

Jan prøver å ringe Silvia utan å få svar. Han pakkar sekken og drar på hytta. Så får han ein telefon, frå Ålesund sjukehus. Pulsen stig og alt er berre kaos og i tåke for Jan. Silvia har vore i ei alvorleg trafikkulykke. Silvia sit i baksetet, då sjåføren køyrer rett inn i ein bergvegg. Dei er fire ungdommar i bilen. Jan får varsla familien. Silvia blir



Jan mista først heile kjernefamilien sin.

flogen direkte til Ullevål sjukehus. Storesøster Marion blir med i ambulansehelikopteret. Jan og resten av familien køyrer nedover til Oslo. Det blir sju lange timar i bil. Framme på sjukehuset får familien vite at Silvia har så store skadar at ho truleg vil dø. Denne søndagen gjer ho det, ho dør berre 18 år gammal.

Den første tida før gravferda vart hektisk og travel. Det var så mykje praktiske ting å ordne opp i. Tårar, kondolansar, blomster og alt som måte vere på plass.

Snart kjem ei ny jul

- Eg har tenkt ofte på om vi kunne ha gjort noko meir for å hindre katastrofen, sukker Jan, som har gjort sitt for å få det beste ut av livet.

Fjellturane har blitt mange og høge. Jan er sikker på at mor, far, bror og Silvia hadde ønska at han og familien skulle ha det bra. Jo meir han tenker på nettopp det, jo meir tenker han at han ønskjer det beste ut av livet sitt.

- Eg vil gjerne formidle at eg har mykje å glede meg over. Barna mine, Marion og Christian. Fire barnebarn, den siste er nyleg fødd. Mi stemor Margit, mi søster Marit og Gunhild som er kjærasten min. Eg har mange gode vener og ein jobb eg trivast med. Eg er også takksam for mi gode helse. Når prøvingane blir store nok, får eg ein ekstra styrke som gjer at eg klarer å sette meir pris på livet og dei eg har rundt meg. Det gjev meg håp. Å no er jula like rundt hjørnet, ei høgtid som på ny kallar fram både gode og vanskelege minner, seier Jan Kristian Liabø, som har lært å leve med sorga si.



VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

John Sylte, sokneprest

Telefon: 45502815 (jobb) / 91865064 (privat)
john.sylte@vestnes.kommune.no

Tarjei Løvik, sokneprest

Telefon: 91335565
E-post: tarjei.lovik@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær

Telefon: 94162548 (jobb)
E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjerje

Telefon: 94169153 (jobb) / 91629416 (privat)
E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon 94160429 (jobb) / 97499175 (privat)
E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

Telefon 94142364 (jobb) / 41472908 (privat)
E-post: ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kantor

Telefon: 92226151
E-post: jostein-maude@hotmail.com

Andrew Lange, kyrkjetenar

Telefon 40548156
Epost: treetimeandy@yahoo.co.uk

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no

Torsdagsklubben på Vestheim ungdomssenter

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør

Ein torsdagskveld sist i mai månad troppa eg opp på Vestheim ungdomssenter. Ute på plassen var fleire ungdommar i aldersgruppa 14-19 år samla i eit engasjerande spel dei kalla gate-rackert. I 2017 starta brørne Runar og Øystein Johansen Torsdagsklubben på Vestheim. Ungdomane hadde etter kvart vakse ut av barnearbeidet (Ving) som har halde til på Vestheim i mange år. «Dei trivast saman, og vi hadde meir å gje dei», fortel Runar. Eit medvandrar-fellesskap vart til, og kvelden startar ofte med uteaktivitetar når vêret tillét det, slik også denne kvelden.



Her spelar dei gate-racket utafor Vestheim.

Etterpå samlast ungdomane i møtelokalet på det gamle guteinternatet til bibeltime. Aller først vert det bede for samlinga, denne bønna avsluttast med: «Jesus bevare NN», og så nemner dei den som sit ved sida. Slik vert alle nemnde, ei fin start å få vera med på.

Runar fortel at dei har vore gjennom mange av breva i Det nye testamentet og Salmane i Det gamle testamentet. Nokre har ein skumma gjennom, andre har ein teke for seg vers for vers.

Det er Romarbrevet kapittel 12 som står for tur denne kvelden. Her les ein om det kristne livet og formaningane, og Runar forklarar: «Lat Jesus får bruke oss. Jo meir vi er saman med Jesus, jo meir blir vi avhengige av Jesus. Det er nok det som Jesus gjorde. Vi er ein kropp i Kristus, men saman er vi lemer for kvarandre. Formaningane er vegskilt, dei ber oss vera obs, dei gir retning». Ungdomane lytta til det Runar hadde å dela denne kvelden.



Frå venstre: Magnus, Erik, Benjamin og Sivert klar for kveldens måltid.

Maten dei får servert på møtekveldane kan ofte vera av det sterke slaget. Ein gong hadde dei chilisaus-testing, ein annan gong kyllingvinger med sterk saus. I godt vær blir det ofte grilling, fortel nokre av ungdomane eg snakka med.

På spørsmål kva grunnen er at dei kjem torsdag etter torsdag, får eg m.a. desse svara:

- Det er kjekt å vera her.
- Det sosiale er viktig.
- Det er god stemning

Når det gjeld aktivitetar, står spel høgt i kurs, kortspel som *Uno* og brettspel som *Mexican train* og *Sequence*. Det er inga aldersgrense på Torsdagsklubben, og det er triveleg når ungdomar som har vore med tidlegare også kjem innom igjen.

Runar nemner og til slutt at ei veke på hausten samarbeider Torsdagsklubben med Ving (barnearbeidet her på Vestheim) og Misjonsforeninga. Då nyttar dei seg av same talaren som Ving og inviterer samstundes til generasjonssamling. Og opplegget er som elles på torsdagane med både quiz og mykje god mat.



Her er torsdagsgjengen samla saman med leiarane Øystein Johansen og Runar Johansen (3 og 4 frå venstre).

Gravminne, gravskikkar og kyrkjestallar

Tekst og bilete: Ivar Magne Bergheim

Torsdag 14. september hadde Fiksdal Kyrkjelydshus invitert til kulturkveld med Bjørn Austigard.



Ein engasjert Bjørn Austigard.

Sjølv om temaet kanskje ikkje var av det muntraste slaget, greidde Austigard å formidle det på ein humoristisk og engasjerande måte. Han har alltid hatt eit stort engasjement for lokalhistorie rundt omkring i bygdene, og brenn for at kulturhistoria ikkje skal gå i gløymeboka. Trass i at han er i sitt åttiande år, er engasjementet like sterkt. Dette har vore noko av hans arbeid opp gjennom åra: Styreleiar i Romsdal Sogelag i 40 år, konservator ved Romsdalsmuseet frå 1975 til 2010, har skrive og redigert mange bøker og artiklar og halde mange foredrag. I 2019 fekk han Kongens fortjenestemedalje, og han er naturleg nok etterspurt som foredrags-haldar.

Temaet om gravminne, gravskikkar og kyrkjestallar engasjerte også publikum. Først fekk salen ei innføring av skikken med trekors. Desse korsa rotne etter kvart opp og forsvann

heilt etter som tida gjekk. Slik vart gravene ofte gløymde, og kunne såleis brukast opp att. I Fiksdal er det berre eitt slikt kors att som står ute, eitt er teke inn for oppbevaring. Frå 1870 til om lag 1920 hadde støypejernkorsa si storheitstid. Her finn vi mange symbol om døden, ofte fleire på same kors. Naturstein og fabrikkproduserte gravminne av stein tok etter kvart over. Tidlegare nasjonal kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg var i 2016 på besøk i Fiksdal i samband med ein artikkel han skreiv i jubileumsboka til Fiksdal kyrkje. Her uttrykte han at kyrkjegarden er unik fordi så mange gamle gravminne ikkje er fjerna. Særleg gjeld dette dei av støypejern og naturstein. Fiksdal og Otrøya er i ei særstilling når det gjeld variasjon av gamle gravminne, meinte Austigard.

Vidare i foredraget tok han fram skikken med svarte og kvite kister. Svarte kister var vanleg heilt fram til om lag 1920. Bruk av einer på vegen der gravfølget skulle gå, var også ein skikk mange brukte. Skikken med å sette lik i kjellaren i kyrkja, begynte på 1600-talet. Denne skikken heldt fram heilt til 1805. Dette var også praksis i Vestnes, der fut Alsing og frue Marie Langeloe vart balsamerte og gravlagde under kyrkjegolvet til

korskyrkja i 1780 og 1802. Då den nye kyrkja stod ferdig i 1872, vart lika flytta til ei vanleg grav.

Bjørn Austigard tok forsamlinga også med inn i gamle kyrkjebøker, og forklarte kvifor presten ikkje var med på alle gravferder, og reiste seinare rundt og hadde jordpåkastinga. Kremasjon var også tema, og her viste han til at dei første kremasjonane vart gjennomførte på slutten av 1800-talet, men desse vart utførte i Sverige. Det første krematoriet i Noreg kom i 1907.

Etter ein pause med litt kaffi og prat, vart kyrkjestallane trekte fram. Det er no 4 kjente kyrkjestallar i fylket. Ein på Sølsnes, to på Holm og ein i Fiksdal. Stallen i Fiksdal stod i sentrum av bygda og vart oppført i 1914. Den vart i 2000 førebels flytta til eit område ved Fiksdal skule, og i 2012 vart han flytta dit han står i dag, ved Fiksdal Kyrkjelydshus på Fiksdal kyrkje sin eigedom. Mykje restaureringsarbeid er gjort, noko står att.

Planen for kvelden var også ein runde ute på kyrkjegarden i Fiksdal, men vêret innbaud ikkje til dette. Det vart likevel ein svært innhaldsrik kveld med mykje lokalt kulturstoff det er verd å ta vare på.



Kva skjer på TKF-huset?

Tekst og bilete: Ivar Magne Bergheim

Annonser i avisene fortel oss at TKF-huset ofte tillyser møter og aktivitetar. I lokala til tidlegare Lid konfeksjonsfabrikk i Tomrefjord, og som seinare var i kommunen sitt eige, blir det organisert aktivitetar ofte fleire gonger i veka.

Etter at Tomrefjord bedehus vart avvikla og kjøpt av Vard Langsten til utviding av parkeringsplass, vart det utløyst midlar slik at styret for Tomrefjord bedehus kunne sjå seg om etter nye lokale. Samstundes vart tidlegare Lid Ko-Fa til sals. Etter ein prosess fekk den nye husforeininga overta bygget vederlagsfritt, og dette la fundamentet for å ta fatt på prosjektet. Dette skulle bli det nye forsamlingshuset som skulle erstatte bedehuset, og bli eit tenleg hus for bygda. Bedehuset på Vik var avvikla tidlegare, og no samlast aktiviteten.

Tomrefjord Kristne Forsamlingshus (TKF-huset) vart namnet på husforeininga som vart skipa, og som eig og driv huset. Etter iherdig innsats og mykje dugnad, stod huset ferdig renovera i 2016. Sidan har lokala vore fylt med møteaktivitetar for alle aldrar. Huset blir også leigd ut til private arrangement. Det er mange faste gjevarar som gjer det mogleg å dekkje driftsutgiftene. Huset har fått ein fin og særprega fasade, og har vorte ein god samlingsplass med klare mål.

Nestleiar i styret, Johnny Kjerstad, har ei sentral rolle med å organisere aktiviteten, og vi tok ein prat med han.

- Vi har eit ønske om å samle folk rundt Guds ord og bønn. Vi har mellom anna misjonsmøter, lovsongskvelder, konsertar, seminar, gudstenester, barneforenings-



TFK-huset.

møter, jentekvelder, konfirmanntarbeid og til og med ein veveklubb.

- Kven er det som bidrar til desse samlingane?
- Vi inviterer mange ulike organisasjonar til å komme. Vi ønskjer breidde både i aktivitetar og forkynning, og variasjon i møteformene. Dei som skal formidle Guds ord har ofte ulike måtar å legge det fram på, og det kan vere ein styrke for å kunne nå flest mogleg.

- Så det er ikkje like skarpe skilje mellom organisasjonane som det kanskje var tidlegare?
- Vi ønskjer eit godt samarbeid, og då er det ikkje organisasjonane som er målet, men samlingane. I løpet av året har vi besøk av dei fleste av misjonsorganisasjonane, og fleire frie kyrkjelydar er også inno. No i september har vi for eksempel hatt besøk av representantar for ein organisasjon fire onsdagar på rad, med bibeltimar med samtale og refleksjonar rundt fleire tema.

- Kjem det folk frå andre bygdelag enn Tomrefjord til samlingane?

- Ja, det kjem folk heilt frå Innfjorden og til Rekdal. Vi samarbeider også med nabobygdene for å unngå for mange kollisjonar av arrangement.

- Korleis ser du på framtida for huset og aktiviteten her?

- Eg synest vi har hatt ein fin start i desse lokala. Eg trur dette har vore ein plan Gud har lagt, og at den også arbeider vidare. Folk samlast, og eg trur huset vil bli mykje brukt. Eit håp er at dei yngre kjem meir og meir med og deltek i dei ulike aktivitetane og arrangementa vi har.



Nestleiar Johnny Kjerstad er sentral i organiseringa av aktivitetane

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2024

Alle foto: Kari Utgård



Gudstenestevandring til Korsstøneset

Tekst og foto: Tormod Lien

Den blide vikarpresten Per Inge Vik og vår eigen kantor, Jostein Maude, leia både tekst, song og musikk under den årlege gudstenestevandringa til Korsstøneset i regi av Vike kyrkje.



Under sommarens vandring, fekk dei om lag 50 fram-møtte ulike oppgåver av presten. Den første oppgåva var å finne ein eller fleire blomar, som eit teikn på noko å vere takksam for eller å gle seg til. Neste var å finne ein stein langs vegen, som eit symbol på det som er tungt eller vanskeleg. Ved korset framme ved Korsstøneset, blei det laga ein varde av dei innsamla steinane. Under nattverden like ved, blei det laga ein bukett av alle blomane, der vandringa blei ein del av gudstenesta.

Ein tradisjon starta av Finn Arne Roaldsnes

- Det er ekstra flott å feire gudsteneste i naturen, i den flottaste katedralen ein kan få. Me føler ekstra Guds nærvær i blomane langs stranda, suset i tretoppene, bølgeskvulp i den gamle båtskuta der vi får feire nattverd, sa ei av vandrane, Ellen Andreassen frå Daugstad.

- Ei slik gudstenestevandring midt i skaparverket er ei sterk oppleving. Vi samlast i sjøkanten på flo sjø med alle elementa rundt oss. Grøn stola er eit symbol på vekst, fortel vikarpresten etter vandringa, før han inviterer alle til nattverd.

Kantor Jostein Maude, med godt kjennskap til teksta, beskriv vandringa som ein kvilepuls. Ei spesiell gudsteneste med gullkorn frå eine stoppet til det andre. Han kallar det heile for ei positiv friskpustsamling.

Pensjonert prest, Finn Arne Roaldsnes, er grunnleggjar av gudstenestevandringa til Korsstøneset.

- Det stemmer at det var eg som begynte med denne tradisjonen for 20 år sidan. Vandringa har i alle åra har vore ei sterk naturoppleving. I dag kan vi sjå tilbake på gamletida, da prestane kom hit til for å betene folket, seier Roaldsnes, glad for at denne tradisjonen fortsett lever.



Glimt frå gudsteneste i Øygardsbukta, Rekdal

Av Asbjørn Gislås



Dagens klokke- og «organist»-par Anne-Grethe og Ivar Magne Bergheim.
Foto: Asbjørn Gislås



Kor Herrleg song i gapahuk!
Foto: Ivar Magne Bergheim

Regnver, men likevel mange fram-møtte til gudsteneste søndag 9. juni, så det var «stinn brakke» i gapahuken. Vikarprest Per Inge Vik leia gudstenesta, og hadde fått med seg songarbrør frå Skodje, Kor Herrleg. Dei varta opp med flott mannskor-song. Herleg! Etter gudstenesta kosa vi oss med kaffe, kaker, pølser og god prat.

Både høgtideleg og koseleg med Stall Kjersem som kyrkje

Tekst og foto: Asbjørn Gismås

Den flotte gamle salen på Stall Kjersem var fylt opp med folk når verten Bjørn Kjersem ringte med stabbursklokka til sommarens tradisjonelle gudsteneste søndag 7. juli.

Denne dagen var det barnedåp, det bidrog sjølvsagt til det gode fram-møtet. Dåpsbarnet var Anna Bjerke-seth Ødegård. Gudstenesta vart leia av vikarprest Jan Øyvind Lien Erlandsen. Ellen Elise Karberg vikarierte som

organist, og fekk mykje og god lyd ut av det gamle trøorgelet. Klokkar Brit Eli Knudsen var på plass trass i ferietid, og trong ikkje vikar. Etter gudstenesta sette vi pris på kaffe og litt godt å bite i til praten rundt borda.



Adventskonsertar

Vestnes 15. desember kl 16.00 arr Vestnes musikklag

Vike 15. desember kl 16.30 arr Vike sokneråd

Fiksdal 22. desember kl 19.00

arr Fiksdal og Rekdal janitsjar

Tresfjord 22. desember kl. 18.00

Dåm og drag, Tresfjord janitsjar m.fl.
arr i samarbeid med
Tresfjord sokneråd

Kjære alle!

I 2021 holdt vi julekonsert i Vestnes kirke, og i år får vi endelig til å gjøre det igjen!

Vi vil invitere deg og hele familien på

JULEKONSERT

lørdag 21. desember
klokken 18.00

Jeg, Amalie Haugen Øvstedal og min samboer, Håvard Henriksen vil spille kjente og kjære julesanger, og konserten passer for alle aldersgrupper. Vi håper du har lyst til å komme på konsert sammen med oss!

Billettsalget finner du nedenfor. Vi ønsker deg velkommen til en koselig julekonsert i Vestnes kirke!

Voksen: 250kr • Barn under 15 år: 150kr

Billetter: <https://tikkio.com/tickets/49956-amalie-havards-julekonsert>



Julekonsert med Hallvar Djupvik, Stephanie Lippert, Søbomsten shantykör, Tressa barnekor m.fl.

Tresfjord kyrkje 12. desember

Dørene åpner kl 18.00
og det blir servert kaffe og hjemmebakst ved inngangen.
Konserten starter 19.00.

Inngang 250 kr (barn under 15 gratis)

Billetter selges på Skobutikken i Vestnes, Spar Tresfjord, Joker Tomrefjord og via www.tikkio.com

ADVENTSKONSERT

Fiksdal kyrkje 3. des. kl. 19.00

Mockingbirds er ei vokalgruppe som syng a capella (fleirstemt song uten instrumenter), medlemmane er Turid Skjelten, Irmelin S. Slyngstad, Karianne Hildremyr, Elisabeth Selnes, Marit-Ellen Lund og Janne Iren Holseter. Tre er bosatt i Vestnesområdet og tre i Haram/Ålesund-



området, så då passa det bra å "møtes på midten" i Fiksdal kyrkje, til ein akustisk julekonsert **tirsdag 3. des. kl. 19.00**. Konsertprogrammet er for det meste julesongar og konserten er gratis (med ei "frivillig kollekt" ved utgangen for å dekke husleige/utgifter).

Kom og "senk skuldrene" i førjulstida i lag med Mockingbirds.

Velkommen på konsert!

ADVENTSKONSERT


Tresfjord kyrkje 6. des. kl. 20.00

Øyvind, Marie og Elisabeth inviterer til adventkonsert fredag 6/12 kl. 20 i Tresfjord kirke. Repertoaret består av både tradisjonelle julesanger og andre melodier, fra folketoner til Elvis. Trioen består av vokal, gitar og fele, og kombinerer gjerne sjangre som folkemusikk, country og klassisk.

Elisabeth Selnes er fra Meråker, men bosatt på Vestnes. Hun har utdanning innen klassisk gitar og har lang sangerfaring. Øyvind Selnes er, som søsteren Elisabeth, fra Meråker og han har sunget og spilt gitar siden ungdomstida. Marie Skavnes er fra Vestnes, og hennes morfar, Magne Fagervik fra Tresfjord, var en tradisjonsbærer på fele. Marie arvet både fela hans og folkemusikken han skrev ned på noter.

Marie og Øyvind bor i Gausdal og spiller sammen i duoen 2-takt.

Velkomne!



 Fiksdal kyrkje 13. des. kl 19.00

«VÅR JUL»

ein konsert med julefavorittar

Velkomne til julekonsert der personar frå, eller med tilknytning til Fiksdal er inviterte til å dele sin favorittjulesong på sin måte.

Gratis julestemning!

Frivillig kollekt!



Konsert med Storyville Storband

Vestnes kyrkje 5. desember kl. 19.00

Bandet er ute på en minijuleturne og vi gleder oss til å besøke Vestnes. Flere av våre medlemmer bor i eller i nærheten av Vestnes.

Storyville Storband er det storbandet i Norge som har vært i lengst kontinuerlig drift, faktisk helt siden 1958. Medlemmene opp igjennom har vært mange, og for mange av de har arenaen vært et første møte med utøvende jazzmusikk og improvisasjon.

Vi håper å skape litt norsk julestemning med vårt amerikansk-inspirerte julerrepertoar.

Vel møtt!



SKRUK-KONSERT

i Vestnes kyrkje 7. des. kl. 13.00

Heilt sidan SKRUK ga ut si første juleplate med tittelen Stille Natt i 1991 har dei (nesten) kvart år hatt julekonsertar. Innhaldet på konsertane er henta frå SKRUK sine eigne plater med særleg vekt på juleplatene, som no utgjør 5 plater totalt. I år er desse konsertane lagt til Sunnmøre og Romsdal, nærare bestemt den **6.12.** i Langevåg, **7.12.** Vestnes og Aukra, **8.12.** Sjøholt og Ålesund.



Tittelen på årets julekonsert er «**Medan vi ventar**». Den tittelen peikar på jula sin bodskap i si vide forstand.

Billetter til alle konsertane finn ein på «ebillett.no/skruk» / ved inngangen



JULEKONSERT

TOMRA BRASS BAND
SOLIST: AMALIE HAUGEN ØVSTEDAL

VESTNES KIRKE 14. DESEMBER KL. 17:00

Tomra Brass Band har igjen gleden av å invitere til en fin og tradisjonell førjulskonsert i Vestnes kirke. Det vil bli masse fin julemusikk og i år har vi vært så heldige å få med oss Amalie Haugen Øvstedal som sangsolist. Amalie er fra Vestnes, startet sin musikalske karriere i Vestnes Skulekorps. Videre har hun vært medlem i TBB. Stas var det også når hun deltok i The Voice. Det er en ære for oss i TBB å få spille sammen med Amalie som sangsolist på årets Julekonsert.

Kom og bli med oss på en fin førjulskveld og senk skuldrene i ei hektisk førjulstid.

BILLETTER I DØRA - 250 KR VOKSEN, 100 KR BARN

Slekters gang

VESTNES KYRKJE

Døpte:

- 16.06. Aurora Nordberg
- 30.06. Bohdan Vitaliiovich Mokrydov
- 30.06. Håkon Svoren Anderson
- 25.08. Othea Sofie Fjærli Sekkenes
- 15.09. Thelma Dragnes Limås
- 15.09. Emilie Bufan
- 15.09. Emil Wedde Sterten
- 29.09. Alvin Kirkeslett Hauge
- 29.09. Alise Nakken Vikdal
- 29.09. Iver Søvik Ræstad
- 05.10. Ella Victoria Veбенstad Reitan
- 13.10. Jenny Sivertsen Hofstad
- 20.10. Ina Marie Sivertsen Aaland
(døpt i Randabygda)
- 24.11. Elida Wullf Sæter
- 24.11. Jonathan Sagen
- 24.11. Elise Terøy Stokkeland
- 24.11. Olivia Helset Bårdsnes

Vigde:

- 15.06. Isabella Aamås Simonsen og
Trym Bjermeland
- 10.08. Ingvild Helene Neraas og
Kenneth Brastad
- 05.10. Elisabeth Veбенstad og
Dag Remi Reitan

Døde:

- 21.04. Arnold Sæbjørnsen Brunvoll
- 22.04. Trygve Horremsbakk
- 05.05. Bjarne Gausdal
- 23.05. Arne Bredeli Varmedal
- 28.05. Reidulf Harry Nerås
- 09.06. Oddrun Marie Work
- 12.06. Nils Harry Skorgenes
- 16.06. Erling Nyheim
- 01.07. Knut Arild Eiknes
- 09.07. Ann Katrin Johnsen
- 13.07. Elsa Sivertsen
- 01.08. Steinar Brastad
- 01.08. Karl Johan Grebstad
- 03.08. Hans Kolbenstvedt
- 04.08. Halldis Kjellaug Øverås
- 08.08. Paula Grete Stokkeland
- 09.08. Rolf Trygve Rekdal
- 28.08. Johnny-Leon Kleppe
- 27.08. Trond Neraas

- 11.09. Kurt Ove Hølgenes
- 18.09. Hermann Eilertsen
- 22.09. Magne Johan Nerås
- 27.09. Kåre Jostein Larsen
- 30.09. Margit Therese Aas
- 07.10. Målfrid Ellingsgård
- 10.10. Reidunn Synnøve Skjønberg
- 13.10. Philip Vatne
- 22.10. Ellinor Enger
- 23.10. Borghild Lovise Mæhle
- 25.10. Eiulf Weiberg Olsen
- 05.11. Edvin Ellingsæter

TRESFJORD KYRKJE

Døpte:

- 07.07. Anna Bjerkeseth Ødegård
(døpt på Stall Kjersem)
- 29.07. Ellinor Skjegstad
- 29.07. Leander Terøy Mjøs
- 18.08. Rune Løkke Hungnes
- 18.08. Olav Hole Dale
- 18.08. Tiril Lindset
- 18.08. Johanna Kjersheim Moen
- 08.09. Ivar Elias Sætervik Vestnes
- 08.09. Pernille Bjermeland Lindset
- 08.09. Lina Bjermeland Lindset
- 06.10. Helmer Nakken Myklebust
- 17.11. Oskar Viken Løvoll
- 17.11. Salka Maria Kevinsdóttir

Døde:

- 18.07. Kristen Øvstedal
- 17.08. Inger Annlaug Olsen
- 24.09. Anne-Margrete Furuhoft
- 11.10. Oddbjørn Reidar Smisetfoss
- 19.10. Oddlaug Daugstad
- 27.10. Arvid Ole Lindset

Vigde:

- 28.09. Laila Beate Bakken og
Johan Børge Sylte

VIKE KYRKJE

Døpte:

- 30.06. Sanna Balstad Vik
(døpt i Grytten)
- 18.08. Lea Larsen Rokstad

Døde:

- 12.07. Oddbjørg Lyslo
- 08.09. Liv Margrete Domaas

FIKSDAL KYRKJE

Døpte:

- 04.08. Alfred Tautra Aaland

Vigde:

- 22.06. Evy Ann Bolme og
Willy Bjerkevoll
- 03.08. Emilie Gjelsten og
Vegard Rogne
- 09.11. Agnete Olea Skeide og
Sten André Halle Knutsen

Døde:

- 16.08. Aslaug Myrås
- 09.09. Kjell Arne Nakken
- 11.10. Gunnar Solbakken
- 24.10. Oddhild Lien

VÅGSTRANDA KYRKJE

Vigde:

- 08.06. Per-Tore Bjerke Storbråten og
Anna Linnea Persson

Døde:

- 18.04. Håkon Marvin Bjerke
- 23.07. Inger-Lise Talberg Jacobsen
- 01.09. Anne Britt Løvik Kormeset

Gudstenester i Vestnes

Oversikt over gudstenestene er også å finne i Vestnesavisa, Bygdebladet og Sunnmørsposten.
I tillegg kan de til ei kvar tid finne oversikta på heimesida til kyrkja: www.vestnes.kyrkja.no.

30. nov. laurdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00
Adventsong. Utd. til 5. klasse.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

01. des. 1. s. i advent

Vike kyrkje kl. 18.00
Lysmesse.
Takkoffer til Kyrkjebladet.

08. des. 2. s. i advent

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

Stella Maris kl. 16.00

Høgmesse.

24. des. Julaftan

Vestnes kyrkje kl. 13.30
Julaftangudsteneste.
Takkoffer Kirkens Nødhjelp.

Vestnes kyrkje kl. 15.00
Julaftangudsteneste.
Takkoffer til Redd Barna.

Tresfjord kyrkje kl. 14.00
Julaftangudsteneste.
Takkoffer til Kyrkjestova.

Vågstranda kyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste.
Takkoffer til Frelsesarmeen.

25. des. 1. Juledag

Fiksdal kyrkje kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Misjonsprosjektet
NMS.

Vike kyrkje kl. 14.00
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

26. des. 2. juledag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til Stefanusalliansen.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.
Takkoffer til Sjømannskirka.

05. jan. Kristi openberringsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 16.00

Felles Nyårsfest.
Takkoffer eigen kyrkjelyd.

12. jan. 2. s. i openberringstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.
Takkoffer Søndagsskolen Norge.

19. jan. 3. s. i openberringstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til Bibelselskapet.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

02. feb. 5. s. i openberringstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Tårnagentgudsteneste.
Takkoffer til KRIK Vestnes.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00
Høgmesse. Takkoffer.

09. feb. 6. s. i openberringstida

Vike kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til Bibelselskapet.

16. feb. Såmannssøndag

Vågstranda kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til Barnevaken.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.
Takkoffer til misjonsprosjekt
Etioopia.

23. feb. Kristi forklaringsdag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer Misjonsprosjektet.

02. mars Fastelavnssøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til Kyrkjebladet i
Vestnes.

Vike kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.
Takkoffer til Kyrkjebladet.
Årsmøte.

09. mars 1. s. i fastetida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

12. mars Askeonsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Felles skriftemålgudsteneste.
Takkoffer til Institutt for sjelesorg

16. mars 2. s. i fastetida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Tårnagentgudsteneste,
felles med Vike og Vågstranda.
Takkoffer.

23. mars Maria bodskapsdag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Felles Økumenisk gudsteneste.
Takkoffer til Misjonskirken.
Årsmøte.

30. mars 3. s. i fastetida

Tomrefjord kristne forsamlingshus
kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

06. april 4. s. i fastetida

Vike kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

